

UTVIKLING AV FJELLSENTERET I LOM

FJELL – NATUR – KULTUR



OPPLEV, LÆR, BLI INSPIRERT

BESØKSSENTER
NASJONALPARK



FORVALTNINGSKNUTEPUNKT



MUSEUM FOR NORSK
FJELLHISTORIE
OG FJELLTURISME



BREARKEOLOGI
– INTERNASJONAL
FORMIDLINGSARENA



FJELLSENTERET I LOM

Norsk Fjellmuseum opna i 1994, med hovudutstillinga Norske Høgfjell som hovudattraksjon. Vi har nå utvikla oss og fått fleire spennande rollar; besøkssenter nasjonalpark og forvaltningskuntepunkt, 1 av 3 eigarar og drivar av Klimapark 2469 AS og museum for brearkeologiske funn.

Plasseringa vår midt i mellom dei 3 nasjonalparkane; Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen, i nasjonalparklandsbyen Lom, fjellfylket Oppland,

gjev inspirasjon og moglegeheiter. Kombinasjonen av rollar, plassering og at tida er mogen, gjer at vi ynskjer å utvikle eit FJELLSENTER i Lom. Fjellsenteret skal gjeva dei besøkande kunnskap, inspirasjon og opplevingar før dei oppsøker fjella og nasjonalparkane.

MAI BAKKEN
dagleg leiar

BERNT M. TORDHOL
styreleiar

INNHOLD

Kva	5
Kvifor eit fjellsenter i Lom	7
Kva vil vi ha som resultat	9
Utviklingsplanar for Fjellsenteret i Lom	10
Eit tydeleg landemerke og besøkspunkt	12
Utandørs informasjonstorg	14
Innandørs vrimleareal og gratissone	16
Ny hovudutstilling	18
Klasserommet «Fjellviten»	20
Arbeidsplassen «Fjellforsk»	21
Magasin	22
Aktørane på Fjellsenteret i Lom	24
Samarbeidspartnarar	26
Driftskonsept og samfunnsrolle	27
Budsjett	30
Framdriftsplan	31



UTGJEVE AV: Norsk Fjellmuseum

DESIGN: Løwehjerte design AS

TRYKK: Konsis AS

FOTO:

- Jørgen Skaug: side 2 og 33.
- Espen Finstad: side 32
- Nasjonalparkriket reiseliv: side 4, 6 og øvst til høgre side 19
- Jan Stokstad: side 8
- Universitet i Oslo, Kulturhistorisk museum, Vegard Vike: side 22 og 23
- Norsk Fjellmuseum: arkivbilde frå samlinga

ILLUSTRASJONAR OG TEIKNINGAR:

Nordplan AS i Vågå, med unntak av side 18 og 19 som er laga av LPO arkitektfirma.

Norsk Fjellmuseum
Postboks 5, 2688 LOM
E-post: mai.bakken@fjell.museum.no
www.fjell.museum.no

Fjellsenteret i Lom

*– Oppland og Noreg sitt fyrtårn
på formidling av fjell.*



KVA

FJELLSENTERET I NASJONALPARK- LANDSBYEN LOM SKAL

- inspirere og førebu ein til å oppsøke fjellet og nasjonalparkane
- gje kunnskap om samspelet mellom menneske, natur og kultur i fjellet
- vera det mest heilheitlege og spennande fjellsenteret i Noreg
- styrke eit utviklingsretta miljø knytt til forvalting, forsking og formidling av fjellet si historie, ressursar og kvalitetar
- ta nasjonale og internasjonale rollar
- vere ein attraksjon

VI SKAL

- lage nye utstillingar og formidlingsløysingar
- bygge ny fasade og utandørs informasjonstorg
- lage eit innvendig funksjonelt publikumsareal der dei besökande får den informasjonen dei treng
- styrke eit breitt tverrfagleg kompetansemiljø på forvaltning, forsking og formidling av fjell og nasjonalparkar
- bygge klasserommet «Fjellviten»; lær, opplev, få kunnskap om fjell, natur, kultur og klima
- bygge magasin
- innrede forskarplassar for nasjonale og internasjonale nettverk



KVIFOR


Vi ser behovet for eit tydeleg Fjellsenter i Lom. Her skal Norsk Fjellmuseum og dei andre aktørane på huset samhandle under ein felles overbygnad. Huset som nå er definert til å vere Norsk Fjellmuseum skal utviklast til å bli eit Fjellsenter i Lom.

FJELLSENTERET HAR AMBISJONAR OM

- å ta rolla som Oppland og Noreg sitt fyrtårn på forvalting og formidling av fjellet si historie, ressursar og kvalitetar
- å skape det mest heilheitlege og spennande fjellsenteret i Noreg
- ta nasjonale og internasjonale rollar
- å styrke rolla som samfunnsaktør

DET ER MANGE GRUNNAR TIL UTVIKLING AV EIT FJELLSENTERET I LOM

- Norsk Fjellmuseum er autorisert besøkssenter for fleire nasjonalparkar
- Er definert som forvaltingsknutepunkt og har eit breidt fagleg kompetansemiljø
- Fjellturismen si «vugge» er i Jotunheimen
- Over halvparten av verdas brearkeologiske funn kjem frå fjella i regionen
- Med 6 nasjonalparkar i regionen er dette Nasjonalparkregionen i Noreg framfor nokon
- Nasjonalparklandsbyen Lom er særegen og attraktiv, og er for mange ein naturleg portal og stoppestad for fjellturar
- Aktørane formidlar kunnskap og verdiar av nasjonal og internasjonal betydning
- Satsing på kunnskap og formidling om fjellet vil gi auka verdiskaping





KVA VIL VI HA SOM RESULTAT?

- Styrke fjellfylket Oppland ved å satse på tematikken fjell og nasjonalparkar
- Etablere og styrke kompetansearbeidsplassar
- Verdiskaping med grunnlag i viktige verdiar for fjellfylket Oppland
- Spreie kunnskap og interesse til nye generasjonar
- Bli ein viktig møteplass for lokalbefolking og tilreisande
- Utvikle noko som har betyding nasjonalt og internasjonalt
- Bli ein attraksjon som genererer auka besøk og interesse for tematikken fjell
- Bli ein synleg aktør i nasjonalparklandsbyen Lom
- Nå fleire av dei som er på gjennomreise i Lom
- Styrke etablerte politiske satsingar på forvaltning og formidling av natur, kultur, klima og brearkeologi.



«Vi ynskjer å skape det mest heilhitlege fjellsenteret i Noreg. Vår samla kompetanse skal formidle den kunnskapen folk søker»

UTVIKLINGSPLANAR

KORLEIS



NY INNBYDANDE FASADE PÅ BYGG MIDT I NASJONALPARKLANDSBYEN LOM

Synleg frå sentrum og kyrkjevollen

[SJÅ MEIR SIDE 12](#)



UTANDØRS INFORMASJONSTORG

Tilgjengeleg 24 timer i døgnet

[SJÅ MEIR SIDE 14](#)



PUBLIKUMSAREAL TILRETTELAGT FOR BESØKANDE

Informasjonsskranke, butikk, formidlingsløysingar, sitteplassar, peis, buldrevegg med solid matte, lokale for ambulerande utstillingar

[SJÅ MEIR SIDE 16](#)



NYE UTSTILLINGAR FJELL – FORTELL!

Skal ha hovudfokus på brearkeologiske funn, fjellet og fjellturismen si historie, nasjonalparkane i Noreg - i skjeringspunktet mellom bruk og vern, klima og klimaendringar.

[SJÅ MEIR SIDE 18](#)



FJELLVITEN

Moderne og inspirerande læringsrom for skule, studentar og andre grupper.

[SJÅ MEIR SIDE 20](#)



FJELLFORSK

Gjestearbeidsplassar for nasjonalt og internasjonalt nettverk

[SJÅ MEIR SIDE 21](#)



MAGASIN


Magasin for blanda kulturhistorisk materiale og arkiv, samt mottaks- og lagringsfasilitetar for brearkeologiske funn. Også dekke lagringsbehov for forvaltning, oppsyn og forskarar.

[SJÅ MEIR SIDE 22](#)

FJELLSENTERET - EIT TYDELIG LANDEMERKE OG BESØKSPUNKT I LOM SENTRUM

Fjellmuseet har i dag eit fint, men anonymt uttrykk. Det er ikkje noko særskilt ved huset som gjer besøkande nysgjerrige, eller oppfattar staden som attraktiv. Eit fjellsenter i Lom må i større grad stå fram som innbydande og spennande.

Vi har vald ei løysing der vi stort sett beheld den opprinnelege bygningen, men bygger på eit spennande påbygg som skal inspirera til besök, og bli eit synleg og flott innslag i nasjonalparklandsbyen Lom. Påbygget er inspirert av ein portal- og basecamptankegang, gjennom arbeidet med den nye merkevarestrategien for nasjonalparkane i Noreg.






UTANDØRS INFORMASJONSTORG

Inngangsportalen til Fjellsenteret skal også fungere som ein innbydande portal og eit utandørs informasjonstorg den tida Fjellsenteret ikkje er ope. Dette er veldig viktig å få på plass på ein turiststad som Lom. Folk kjem til alle tider på døgnet, og vi ynskjer å gje oppdatert informasjon når dei besökande treng det.

Infotorg: 34 m²






INNANDØRS VRIMLEAREAL OG GRATIS SONE

Rett innanfor dørane på Fjellsenteret skal det utviklast eit attraktivt ope rom som ynskjer den besøkande velkomen og gjev den informasjonen dei besøkande treng. Vi ynskjer eit sydande liv som i ein Basecamp, eit sted alle som skal eller har vore i fjellet naturleg vil stoppe for å hente informasjon

og inspirasjon. Her kan dei besøkande sette seg ned for å lesa, sjå i kart, drøfte nye turar og få hjelp i informasjonsskranken. Vi tilrettelegg med ein buldre/klatrevegg for ungar, litt enkel servering som kaffe/te/drikke, ein peis som eit blikkfang midt i rommet, mykje informasjonsmateriale om

nasjonalparkar og fjell, eit utstillingsrom for ambulerande utstillingar. Vi ynskjer ei atmosfære der dei besøkande vil vere og ynskjer å koma att.

Innandørs gratis sone: 450 m²
av det 141 m² nybygg





FJELL – FORTELL! NY HOVUDUTSTILLING

Det skal etablerast heilt nye utstillingar og formidlingsløysingar på huset. Fjell og nasjonalparkar byr på mange spanande historier, både frå gamal og ny tid. Fortellingane skal stå i fokus i ny utstilling. Arbeidstittelen på utstillinga er difor «Fjell – Fortell!». Vi skal få fram både dei store og små historiene om fjellet – samspelet mellom menneske og natur i 10 000 år. Dei originale gjenstandane skal stå i fokus, men ein skal få frem «historier og fortellingar» gjennom lyd, bilde, film og andre moderne virkemiddel. Den nye utstillinga skal byggjast slik at den kan utviklast og endrast med jamne mellomrom.

Hovudutstilling: 358 m²



DET ER FIRE TEMA SOM SKAL LYFTAST FRAM



OM NASJONALPARKAR:

Som autorisert besøkssenter for nasjonalparker har ein eit særskilt ansvar for å presentere informasjon om desse, samt dilemma og mogleger knytt til bruk og vern.

NORSK FJELLHISTORIE OG FJELLTURISME:

Hovudfokus vil vere å fortelje historia om utviklinga av norsk fjellturisme frå 1800-tallet, frem til i dag og perspektiva framover. Fjellmuseet si gjenstandssamling frå DNT og Claus Heiberg vil stå sentralt i utstillinga.




BREARKEOLOGI:

Originale gjenstandar og heile historia knytt til dette temaet. Temaet har stor internasjonal interesse.



KLIMA OG KLIMAENDRINGER:


Tema er knytt opp til brearkeologi og formidlingsarenaen Mímisbrunnr Klimapark i Jotunheimen.



KLASSEROMMET FJELLVITEN

Ein skal lage eit rom med installasjonar og infrastruktur der elevar, studentar og andre grupper kan sette seg ned for fordjuping, hente kunnskap, og ha drøftingar. Dette rommet skal spela på lag med utstillingane på museet og kunnskap som blir erverva i Mímisbrunnr Klimapark. Her skal det vere moderne IKT-løysingar på same tid som det fysisk skal vere mogleg å studere planter, dyr og utstyr, samt gjennomføre eksperiment og oppgåver.

 Klasserommet Fjellviten: 155 m²



ARBEIDSPLASSEN FJELLFORSK

Norsk Fjellmuseum og dei andre aktørane på huset har kontinuerleg kontakt med nasjonale og internasjonale miljø og ressurspersonar. Vi ynskjer å styrke nettverksrolla, delta i partnerskap/prosjekt og arbeide meir aktivt med kunnskapsutveksling. Vi har difor behov for å tilrettelege ein til to arbeidsplasser som kan brukast av nettverket.

 Arbeidsplasser og møterom: 81 m²



MAGASIN PÅ FJELLSENTERET I LOM

Norsk Fjellmuseum vil ikkje byggje eit eige stort magasin på huset som dekkjer alle behova for oppbevaring av samlingane, men samarbeide om magasinplass med Gudbrandsdalsmusea. Norsk Fjellmuseum vil uansett ha behov for noko magasinplass i samband med forsking- og forvaltingsarbeid, i samband med utstillingar og lagring av brearkeologiske funn og prøver. Også andre aktørar på huset, som SNO og fjellstyret har tidvis behov for lagring. For å dekke behovet er det nødvendig å byggje eit magasin på 66 m², kor delar av det har kjøle- og frysefunksjon.





NORSK FJELLMUSEUM SINE SAMLINGAR

Norsk Fjellmuseum har sidan starten i 1994 hatt som ei av sine oppgåver å ivareta historiske kjelder til forståing av livet i fjellet og utviklinga av fjellturismen og friluftslivet.

DNT si samling etter Claus Helberg utgjer den største delen av samlingane ved Norsk Fjellmuseum. Denne samlinga omfattar mellom anna arkiv- og gjenstandsmateriale frå den første fjellturismen og den tidlige perioden til DNT slik som patentførare, framandbøker og donasjonar til DNT gjort av kjende personar som Carl Hall, Howard Priestman, Morten Borelly og Gunnar Raabe. Materialet omfattar også eit tusentals fotografie frå fjellet og fjellturismen frå slutten av 1800 talet og fram til 1960. Ei anna interessant og særskilt verdifull samling er dagbøkene, skissene og fotografi til William Cecil Slingsby. I tillegg kjem gjenstandar knytt til den lokale bruken av fjellet slik som jakt, setring, innlandsfiske og transport.

I 2013 inngjekk Norsk Fjellmuseum ei intensjonsavtale med Kulturhistorisk Museum i Oslo og Oppland fylkeskommune. Dette inneber samarbeid om forvaltning, formidling og forsking knytta til funna i det bearkeologiske sikringsprogrammet i Oppland. Museet er deponeringsinstitusjon i sesong, og har utstillingar med fleire av funna.

Norsk Fjellmuseum jobber for tida med å laga ein samlingsstrategi, både for eksisterande samling og ny innsamling.

AKTØRANE PÅ FJELLSENTERET I LOM



NORSK FJELLMUSEUM

Arbeide for å verne kultur og naturverdiar i fjellområda gjennom innsamling, dokumentasjon, forskning, formidling og informasjon. Vere eit informasjonssenter for nasjonalparkane og andre anlegg og samlingar knytt til livet i fjellet. Vere ein stad for oppleveling, læring og allmenn kulturell verksemd, med særleg vekt på samspelet i naturen og mellom menneske og natur.

GUDBRANDALSMUSEA

Drive og utvikle einingane ved Gudbrandsdalsmusea AS. Driftsselskapet skal vere ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap mellom fortid, nåtid og framtid i driftsselskapet sitt ansvarsområde. Eininga skal vidareutvikle sin kompetanse på natur- og kulturhistorie og vere aktiv i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv.



MÍMISBRUNNR
KLIMAPARK 2469



MÍMISBRUNNR KLIMAPARK

Klimapark 2469 AS skal gjennom tilbud utviklet i samarbeid med faglig kompetente aktører og tilrettelagt for et bredt publikum, formidle deltakende opplevelser av og innsikt i pågående klimaproesser og samspillet mellom natur og mennesker i et langtidsperspektiv.

Formidlingen og opplevelsene skal skape interesse og forståelse for tematikken, samt bidra til verdiskaping og innovasjon. Hovedarenaer skal være klimaparken på Juvflya innunder Galdhøpiggen og Norsk Fjellmuseum.

LOM FJELLSTYRE

Fjellstyret forvaltar bruksrettane, jakt og fiske i statsallmenningen, medan Statskog forvaltar grunneigarrettane. Fjelloppsynet er tilsett av fjellstyret, og driv sakshandsaming, har tilsyn med statsallmenningen, driv informasjonsarbeid, tilrettelegging, skjøtsel og naturovervakning.



STATENS NATUROPPSYN (SNO)

Statens naturopsyn sine oppgåver er naturopsyn etter naturopsynslova. SNO er og tildelt eit særleg ansvar for rovviltregistrering og skadedokumentasjon. Kontoret i Lom arbeider særleg med rovvilt og villrein, og SNO sitt regionale rovviltansvar i Oppland.



FORVALTARANE FOR JOTUNHEIMEN- OG REINHEIMEN NASJONALPARK MED LANDSKAPSVERNEOMRÅDER

Forvaltarane har ein sekretærfunksjon for nasjonalparkstyra. Nasjonalparkstyra er oppnemnd av Miljøverndepartementet som forvaltningsmynde for nasjonalparkane. Det er plassert 2 forvaltarar på Fjellsenteret i Lom.



NATUROPPLEVINGAR

Naturopplevingar har siden 1993 opparbeidet seg mye kunnskap og erfaring gjennom sine aktiviteter og arrangementer med bedrifter, grupper og individuelle. Vårt mål er å gi deltakerne så gode og helhetlig opplevelser som mulig. Våre aktiviteter gjennomføres med få deltakere per veileder. Dette gir forutsetninger for god kommunikasjon, sikkerhet og handlefrihet. Vi har helårsdrift og opererer forskjellige steder i landet. Naturopplevingar er miljøsertifisert.



FORENINGEN NORGES NASJONALPARKKOMMUNER OG NASJONALPARK- LANDSBYER

Foreningen består av 28 nasjonalparkkommuner og 5 nasjonalparklandsbyer. Foreningen skal bidra til bred verdiskaping i og rundt nasjonalparkene i samarbeid med andre aktører under merket Norges nasjonalparker. Foreningen skal være en aktør som samordner ressursbruk mellom kommuner, nasjonalparkstyrer, næring og andre, samt påta seg rollen som fasilitator.

SAMARBEIDSPARTNARAR

OPPLAND
fylkeskommune



 Lom

 Nasjonalparkriket

Den Norske Turistforening




østlandsforskning
Eastern Norway Research Institute


fjell-forsk-nett
norwegian-mountain-research-network

 Meteorologisk
institutt



 UiO • Kulturhistorisk museum



Bjerknes Centre
for Climate Research 


Norges
vassdrags- og
energidirektorat
NVE



DRIFTSKONSEPT OG SAMFUNNSROLLE

FASE 1:

Udstillinga *Over isen – Crossing the ice*, opnar juni 2015

FASE 2:

1. etasje, ferdig til sesong 2016:

- Nye fasade, informasjonstorg og publikumsareal

FASE 3:

1. etasje, ferdig til sesong 2017:

- Nye utstillingar og formidlingsløysingar

FASE 4:

tilrettelegging i 2. etasje, ferdig 2018 - 2019:

- Klasserommet Fjellviten
- Nytt magasin og mottakslokal for brearkeologiske funn
- Innreie forskarplassar for nasjonale og internasjonale nettverk

Utviklinga er inndelt i fasar, på den måten får vi fordelt kostnader over fleire år. Fase 1, opning av utstilling juni 2015 er finansiert.

I fase 2 er det viktig å få på plass eit synleg, attraktivt bygg med gode løysingar for publikum både inne og ute. Dette skal bli ein møteplass for tilreisande og lokalbefolking.

Parallelt med dette utviklar vi innhaldet i nye utstillingar. Fase 3 blir ferdig til sesong 2017, målet er å opne nye utstillingar som formidlar tematikken fjell, nasjonalparkar, brearkeologi, og utviklinga av fjellturismen i Noreg.

Fase 4 blir og utvikla undervegs, målet her er å få ferdigstilt dette i 2018-2019.

Informasjon, formidling og det å gje kunnskap står sentralt. Med den breie faglege kompetansen vi har på fjellsenteret rundt tematikken fjell, natur og kultur, kombinert med nettverk nasjonalt og internasjonalt, er ambisjonane å kunne formidle den kunnskapen folk søker. Vi tenker og magasin og mottaksareal for framtida, dette sett i samanheng med magasin som Gudbrandalsmusea elles har i Oppland.

BEMANNING OG KOSTNADER PÅ NORSK FJELLMUSEUM PR. 2015:

4,1 årsverk fordelt på 5 personar, 2 sommartilsette.

Driftsutgifter:

Lønn og sosiale utg.	1 900 000
Drift og vedlikehald	570 000
Kontorkostnader, forsikring, reise	290 000
Butikk, sal og marknadsføring.....	400 000
Sum årlege driftsutgifter:3 160 000	

Driftsinntekter:

Billett- og salgsinntekter.....	750 000
Leieinntekter	300 000
Tilskot	1 700 000
Andre inntekter	500 000
Sum årlege driftsinntekter.....3 250 000	

FRAMTIDIGE KOSTNADER BEMANNING OG DRIFT AV FJELLSENTERET I LOM 2017

Dette er basert på same bemanning. Det blir ei auke i strømutgiftene med fleire interaktive formidlingsløysingar, skjermar og stasjonar.

Driftsutgifter:

Lønn, 3,5 % årleg lønnsauke	2 200 000
Drift og vedlikehald.....	700 000
Utgifter info/formidl./arrangement.....	300 000
Kontorkostnader, forsikring, reise	390 000
Andre utgifter	100 000
Butikk, sal og marknadsføring.....	650 000
Sum årlege driftsutgifter4 340 000	

Driftsinntekter

Billett- og salsinntekter.....	1 100 000
Leieinntekter	350 000
Inntekter info/formidl./arrangement	500 000
Tilskot	2 000 000
Andre inntekter	500 000
Sum årlege driftsinntekter.....4 450 000	

BESØK OG ATTRAKTIVITET:

Det er mellom 25.-30.000 som besøkjer fjellmuseet i løpet av ein sommarsesong. Av desse løyser ca. 7.000 billett for å sjå utstillingar. Billettprisane har vi halde på eit lågt nivå, dette for å kunne auke dei når nye utstillingar er på plass. Vi har forventningar om at vi greier å auke antall besøkande med dei nye grepa, og at vi auker billettprisane noko. Da blir innteninga vår større både når det gjeld billettinntekter og salsinntekter. Potensialet er større om vi lykkast betre med å nå ut.

MOGLEGHEITER:

Det bør ligge godt til rette for auke i faste løyvingar til Fjellsenteret i Lom. Det har vi sjølve tru på at vi skal greie ved å sjå på kva moglegheiter som ligg der:

- I samarbeidsavtala mellom Kulturhistorisk museum i Oslo, Oppland fylkeskommune, Klimapark 2469 AS og Norsk Fjellmuseum er det einigheit om at ein i fellesskap skal bygge opp merkevare og formidling av tematikken funn/bre. Partane er einige om at utstillingane ved fjellmuseet skal vera dynamiske der element skal kunne skiftast ut.
- Fjellturismen i frå midten av 1800-talet og fram i tid er ein viktig del av norsk historie, og fjellmuseet er museet som stiller ut og fortelje mykje av DNT sin historie knytt til utviklinga av

fjellturismen, vandring og oppdaging av fjellet i Noreg. DNT har behov for eit museum som forvaltar og formidlar verdifulle gjenstandar knytt til denne historia, fotografi, publikasjonar, osb.

- Som besøkssenter nasjonalpark satsar vi på å tydeleggjera denne rolla med nye nasjonalparkutstillingar på vegne av nasjonalparkane generelt og dei vi er autorisert for spesielt. Vi ynskjer å utvikle publikumsdelen vår til å bli ein plass det er naturleg å besøkje som ein del av turen til fjells, og før eit besøk i nasjonalparkane. Vi ynskjer å utvikle denne rolla ytterlegare i samarbeid med dei andre aktørane i forvaltningsknutepunktet. Oppgåvene dei forskjellige aktørane har ansvar for er overlappande, slik som informasjon og formidling, det kan samordnast og effektiviserast. Vi satsar på fortsatt auke i grunntilskot.
- Som delkonsolidert med Gudbrandsdalsmusea legg vi opp til å ha eit magasin som inngår i ein heilheitleg magasinplan og kan nyttast av andre i dei konsoliderte musea i Gudbrandsdalen. Det er planlagt eit begrensa magasin, men det å kunne lagre delar av vår samling andre stader, samt at vi kan tilby lagring for andre ser vi på som interessant. Midlertidig lagring av brearkeologiske funn for KHM blir ein naturleg del av vårt ansvar.

- Samordning av butikk/informasjon og museumstenesta. Ved å opne butikk/informasjonarealet vil vi greie å betene publikum på ein mykje meir effektiv måte enn vi gjer i dag. Vi satsar på å legge betre til rette for at ein kan bruke arealet nede til kontorplass, det sparer vi utgifter på, spesielt i skuldersesong. I tillegg satsar vi på eit sjølvbetent utvendig informasjonstorg, ope 24 timer i døgnet.
- Forvaltningsknutepunktet med eit spennande miljø kopla saman med nettverk nasjonalt og internasjonalt trur vi har viktige utviklingsmoglegheiter. Det er interessant å vere ein del av dette miljøet, og vi får tilført nødvendig kompetanse utanfrå. Dette kombinert med dei andre rollane våre gjer oss til ein viktig samfunnsaktør.

- Vi forventar ei auke i billettinntektene frå 2014 til 2017. Vi venter med å auke dei relativt låge billettporisane våre i samband med nye utstillingar for publikum. Vi reknar også med ei auke i antall besøkande.
- Det vil vera miljø som ser oss som interessante i samband med kunnskap, materiale og informasjon vi samla har her på senteret. Studentar, forskrarar, andre utviklingsaktørar. Med det styrker vi rolla vår som ein viktig samfunnsaktør.

FJELLSENTERET I LOM FRAMOVER:

- Som ansvarleg for eit viktig regionalt museum for fjell- og fjellturisme bør vi kvalifisere til driftsmidlar frå stat og fylke. Det har ein ikkje i dag.
- Ved ytterlegare utvikling av rolla som nasjonalparksenter og som eigar av Klimapark 2469 AS bør vi forvente auka statlege løyvingar frå KLD.
- Vi forventar innsparing på drifta ved infrastrukturtiltak i informasjonsarealet, ein kan redusere bemanninga ved slik tilrettelegging.

BUDSJETT


UTGIFTER

PROSJEKTLEIING/ADMINISTRASJON	BELØP	TOTALT
Prosjektleiing (1 100% stilling i 2 - 3 år)	1 800 000	
Prosjektmedarbeider (2 stillinger i 50% over 2 - 3 år)	1 800 000	
Reise/kost/overnattning for Prosjektleiing	100 000	
Møtekostnader	50 000	3 750 000
FASE 1: UTSTILLINGEN «Over isen - Crossing The Ice»		485 000
FASE 2: OMBYGGING I FYRSTE ETASJE		
Påbygg og publikumsareal 1. etg	6 846 233	6 846 233
FASE 3: HOVUDUTSTILLING OG INFORMASJON		
Utvikling og produksjon av 358 m ² utstilling og informasjon (kr. 10 000/m ²)	3 582 000	
Utvikling og produksjon av innhold på 393 m ² vrimeleareal/sosial sone (kr. 8 000/m ²)	3 144 000	
Utvikling av 60 m ² ambulerende utstillingar (kr. 8 000/m ²)	480 000	7 206 000
FASE 4: ANDRE ETASJE		
Påbygg og ombygging; mottak, magasin, forskerplass og læringsrommet «Fjellviten»	5 431 860	
Innhold på læringsrommet «Fjellviten»	1 000 000	6 431 860
UFORUTSETT FASE 2 OG 3		500 000
		25 219 093

FINANSIERING

GJENNOMFØRING	FASE	BELØP	PARTER	MERKNAD
2015	Fase 1	485 000	Eigne midlar og søkte midlar	Er fullfinansiert
			Eigne midlar/sponsorar: 1/3	Vil kunne bruke inntil kr. 2.5 mill. til utstillingar av eigne fondsmidler, samt inntil kr. 3,6 mill av eigne midlar til prosjektleiing
2015-2017	Fase 2 og 3	17 802 233	Oppland fylkeskommune: 1/3	Søkjast
			Stat/kommune/region: 1/3	Søkjast
			Eigne midlar/sponsorar: 1/3	Eigne midlar + søkjast
2018	Fase 4	6 431 860	Oppland fylkeskommune: 1/3	Søkjast
			Stat/kommune/region: 1/3	Søkjast
		24 719 093		
Uforutsett Fase 2 og 3		500 000		
		25 219 093		

FRAMDRIFTSPLAN



RYPEJAKT I VEODALEN MED UTSYN MOT GLITTERTIND 2452 MOH (UTEN BREEN)



FRÅ TOPPEN AV GALDHØIGGEN 2469 MOH





Norsk Fjellmuseum Postboks 5, 2688 LOM
E-post: mai.bakken@fjell.museum.no
www.fjell.museum.no



MÍMISBRUNNR
KLIMAPARK 2469

LOM FJELLSTYRE

